



La oss gjenvinne meir



Føremål

UTFØRE

lovpålagde oppgaver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam

FOKUSERE

miljøvennleg drift i alle ledd i avfallsbehandlinga

AVGJERE

kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap

TILBY

handtering av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg

VERE

rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane

DRIVE

aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvennleg avfallsbehandling

SØKE

samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap

BISTÅ

andre oppgaver

Om ÅRIM

ÅRIM blei stifta i 2009. Dei tolv eigarkommunane til ÅRIM blei då samde om ein felles selskapsavtale med mål for ÅRIM:

Å utføre kommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål.

Selskapet skal legge vekt på miljøvenleg drift i alle ledd i avfallsbehandlinga.

Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap, eller private næringsdrivande.

Å gje eit tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg.

Selskapet skal vere eit rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane.

Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvenleg avfallsbehandling.

Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg, og selskapet kan vere eigar eller medeigar i andre selskap.

Å utføre eventuelle andre oppgåver som kommunane er samde om at selskapet skal utføre.

Administrasjonen blei etablert i 2010. Da vedtok representantskapet i selskapet ein strategi for overføring av oppgåvene innan handtering av avfall og slam frå eigarkommunane til ÅRIM. Selskapet har i 2016 teke over dei fleste av dei oppgåvene strategien i 2010 skisserte; nokre oppgåver står att, men ÅRIM framstår no som eit etablert og effektivt selskap med høg kundetilfredsheit og god kompetanse.

Etter åra i etableringsfasen er det no på tide å løfte blikket. Denne strategien gir ei retning, både for kva tilbod innbyggjarane i Ålesundregionen kan forvente seg i åra framover, og for korleis ÅRIM som selskap skal utvikle seg.

Strategi 2017-2025

Strategien byggjer på selskapsavtalen, og nokre viktige prinsipp som er fastsette av eigarkommunane gjennom representantskapet sidan selskapet blei etablert:

- Tilbodet til innbyggjarane skal vidareutviklast for å sikre at det er i samsvar med nasjonale og lokale miljømål.
- ÅRIM bør handtere alle oppgåver knytt til avfall og slam for eigarkommunane.
- Tilbodet bør vere mest mogleg likt i heile regionen.
- ÅRIM skal ha lik pris for likt tilbod.

Det er utarbeidd fleire grunnlagsdokument som ligg til grunn for strategien:

- **Dette er ÅRIM – bakgrunn og organisering** gir ein bakgrunn for avfallssamarbeidet i Ålesundregionen, og ei oversikt over korleis ÅRIM er organisert i dag.
- **Rammevilkår og regelverk som regulerer avfallshandteringa i Ålesundregionen** gir ei oversikt over internasjonale og nasjonale rammer, i tillegg til ein gjennomgang av kvar enkelt eigarkommune sine forventningar til ÅRIM. I grunnlagsdokumentet er det også ei oversikt over innbyggjarane sitt syn på ÅRIM, samt ein vurdering av framtidig folketalsutvikling.
- **Fakta om avfalls- og slamhandteringa i Ålesundregionen i dag** gir ei oversikt over dei resultata ÅRIM oppnår når det gjeld kjeldesortering og gjenvinning.
- Kvart år utarbeidar ÅRIM dessutan **budsjett og økonomiplan** for dei neste fire åra, samt **årsmelding og rekneskap** for føregåande år. Strategien inneheld mål og tiltak som vil bli lagt til grunn for desse dokumenta.



Representantskapet i ÅRIM samla i april 2016, f.v.: Nestleiar Eva Hove (Stordal), Odd Jostein Drotninghaug (Sykkylven), Vebjørn Krogsæter (Haram), Geir Peter Aure (Ørskog), Dag Olav Tennfjord (Skodje), Jim Arve Røssevoll (Sula), Oddvar Myklebust (Sandøy), Jarle Hauge Steffenssen (Ålesund), leiar Tore Johan Øvstebø (Ålesund), Geir Inge Lien (Vestnes), Olav Sindre Roald (Giske), Børge Wiig (Ålesund), Anita Hjelvik Sætremyr (Ålesund), Anne Kristin Bryne (Ålesund) og Arne Sandnes (Norddal).

Foto: Peder Otto Dybvik

Rammevilkår

Avfallspolitikken blir i stor grad utvikla innanfor ei felleseuropeisk ramme. EU sitt rammedirektiv om avfall slår fast at avfallspyramiden skal leggjast til grunn for avfallspolitikken, Stortinget har slutta seg til dette:



I desember 2015 la EU-kommisjonen fram den nye strategien for europeisk avfallspolitikk under tittelen: *Omstilling til sirkulær økonomi: Et program for Europa uten avfallsproduksjon*. Sirkulærøkonomien byggjer på kretsløpsfilosofien der materialar gjenvinnast og går inn i kretsløpet for ny produksjon. Samstundes har samfunnet kontroll på miljøgifter og anna restavfall som blir teke ut av kretsløpet.

I dag har landa i EØS-området eit mål om at 50 % av kommunalt avfall skal gjenbrukast eller gjenvinnast innan 2020. Forslaget til ny avfallspolitikk frå EU har eit ambisiøst mål om å auke gjenbruk og gjenvinning av kommunalt avfall til 60 % innan 2025, vidare til 65 % innan 2030.

Eigarkommunane til ÅRIM har gjennom ulike planar og andre styringsdokument vedteke forventningar til selskapet. Generelt ønskjer eigarkommunane å nytte eigarskapen i ÅRIM til å oppnå lokale og nasjonale mål om avfallshandtering, innanfor rammene av kostnadseffektiv drift.

Mål i kommuneplanen til Ålesund, vedteke i januar 2016:


Ålesund kommune skal sikre et bærende kompetansemiljø innenfor avfallshåndtering. Ressursene i avfallet skal utnyttes best mulig og i tråd med nasjonale og lokale miljømål. Andelen av avfallet som blir sortert til materialgjenvinning skal økes til 50 % i 2020. Beste tilgjengelige løsninger for innsamling av avfall skal velges. Fellessystemer for innsamling av avfall, slik som nedgravde løsninger, skal foretrekkes i tettbygde strøk.

Her er vi i dag

I 2016 har selskapet hatt operativ drift i fem år, med innsamling av avfall frå 103 000 innbyggjarar, drift av 10 miljøstasjonar og om lag 100 returpunkt. Selskapet har også ansvar for tømning og behandling av slam frå litt over 11 000 separate avløpsanlegg. ÅRIM har 23 faste tilsette og ei omsetting på over 100 mill kr.

Selskapet har kostnadseffektiv drift, nøgde kundar og tilsvarende sjukefråvær samanlikna med avfallstenestene andre stadar i landet. Den største utfordringa for selskapet er låge prestasjonar når det gjelder gjenvinning.

I snitt mottok ÅRIM 383 kg avfall frå kvar innbyggjar i Ålesundregionen i 2015. Av dette blei 31,1 % utsortert til materialgjenvinning eller gjenbruk. Ei samanlikning med nasjonale tal viser at gjenvinningsgraden i ÅRIM er ein god del lågare enn snittet for Møre og Romsdal og for Noreg. Det vil krevje store tiltak for å nå dei vedtekne og foreslåtte måla om auka gjenvinning av avfall:



Ei viktig utfordring for selskapet er endringane i busettingsmønster i Ålesundregionen over tid. Fleire bur tettare. Dette er ein trend både i dei områda som har befolkningsvekst og i dei områda som er truga av fråflytting. For ÅRIM er det ei viktig utfordring å kunne samle inn avfall på ein meir effektiv måte, ikkje minst i byane og tettstadene i regionen.

Mål

VISJON FOR ÅRIM: **La oss gjenvinne meir!**

I arbeidet med å finne det rette ambisjonsnivået for ÅRIM er det tre viktige omsyn selskapet må vekte mot kvarandre:



Hovudmål for perioden 2017 - 2025:

1. Avfallet frå innbyggjarane i Ålesundregionen skal gjenvinnast i tråd med EU sine krav for 2020, 2025 og 2030.
2. Talet på hushald som samarbeider om kjeldesorteringsløysingar skal auke.
3. ÅRIM skal vere eigarkommunane sin føretrekte leverandør for alle oppgåver innan avfall og slam.
4. ÅRIM skal ha ein kostnadseffektivitet i renovasjonstenesta på minst 85 %
5. ÅRIM skal ha ein kundetilfredsheit på minst 80 %

Det blir lagt rapportert etter følgjande indikatorar for måloppnåing:

Hovudmål	Måleindikator
1	Årleg rapportering til Statistisk Sentralbyrå (Kostra)
2	Registrerte hushald i ÅRIM delt på talet på oppsamlingseiningar for restavfall
3	Oppgåver som er overførte til ÅRIM frå eigarkommunane
4	Indikator for kostnadseffektivitet i Renovasjonsbenchmarkinga til Avfall Norge
5	Indikator for kundetilfredsheit i Renovasjonsbenchmarkinga til Avfall Norge

For å nå desse måla, har ÅRIM identifisert ei rekkje tiltak for perioden 2017 – 2020. Desse er fordelt på fem hovudsatsingsområde. For perioden 2020 – 2025 vil det vere nødvendig å identifisere nye tiltak. Tiltaka vil også bli konkretisert i årlege budsjett for selskapet.

Hovudsatsingsområde 1: Meir avfall til materialgjenvinning og gjenbruk - ny kjeldesorteringsløysing for ÅRIM

Tiltak 1: Innføre henteordning for matavfall


I 2015 sorterte kvar innbyggjar i Ålesundregionen i snitt ut 119 kg avfall som gjekk til materialgjenvinning og gjenbruk. Gitt same avfallsmengde, må 191 kg avfall gå til materialgjenvinning og gjenbruk i 2020, altså ein auke på 72 kg for å nå EU-målet for 2020 om 50 % gjenvinning.

Gjennom avfallsanalyser og kunnskap om røynsler frå andre avfallsselskap, viser det seg at avfallet som i dag går til energigjenvinning og deponi inneheld relativt mykje avfall som i staden kunne ha gått til materialgjenvinning og gjenbruk. Den klart største avfallstypen er matavfall; analysar ÅRIM har gjennomført tyder på at kvar innbyggjar kastar mellom 90 og 100 kg matavfall i året.


Utan innføring av utsortering av matavfall blir det ikkje vurdert som realistisk å oppnå, eller å kome i nærleiken av, måla for 2020. Det er ikkje andre tiltak selskapet kan setje i verk som vil kunne bidra til å nå 2020-målet. Utsortering av matavfall vil gjere det mogleg å auke gjenvinninga også av andre avfallstyper.



Dette er ei utfordring ÅRIM deler med resten av landet, og dette har ført til at dei fleste innbyggjarane i Noreg i løpet av dei siste åra har fått tilbod om kjeldesortering av matavfall. Ei vurdering i august 2016 av dei 56 kommunane i Noreg med meir enn 20 000 innbyggjarar, viser at Ålesund er ein av berre fem kommunar som ikkje anten har innført eller har konkrete planar om innføring av slik henteordning. Tala er representative også for mindre kommunar; desse deltek i stor grad i interkommunale avfallssamarbeid med dei større kommunane:



Det er gjennomført ei rekke studiar av miljøkonsekvensane av ulike former for innsamling og behandling av matavfall, både nasjonalt i Noreg og internasjonalt. Sjølv om det er ulike føresetnader i ulike regionar, er konklusjonen eintydig: Det å kjeldesortere matavfallet og nytte dette til biogass og biogjødsel, gir ein betydeleg miljøvinst i høve energiutnytting, også i tilfelle der det er nødvendig å transportere matavfallet lenger enn restavfallet.



Kjelde: Østfoldforskning: *Biogassproduksjon fra matavfall og møkk fra ku, gris og fjørfe. 2016*

Miljødirektoratet har foreslått eit nasjonalt pålegg om utsortering av matavfall.

Østfoldforskning har som ein del av dette utarbeidd rapporten «Vurdering av virkemidler for økt utsortering av våtorganisk avfall og plastemballasje» (2016). Her analyserer dei m.a. samanhengar mellom årsgebyr for renovasjon og sorteringsgrad i norske kommunar. Det er ikkje nokon klar samheng mellom kor høge årsgebyr innbyggjarane betaler og kor høg utsorteringsgrad kommunen oppnår.

ÅRIM har gjennomført ei konsekvensanalyse av å innføre henteordning for matavfall. Den mest brukte løysinga for oppsamling av matavfall er dunkar, lik dei ÅRIM nyttar til restavfall og papir i dag. Dette er den løysinga som har vore i bruk i Romsdalsregionen sidan 1999, i Nordfjord nesten like lenge, og som vil bli teke i bruk på Søre Sunnmøre i samband med innføring av utsortering av matavfall der frå 2018. Innføring av eigen dunk for matavfall utløyser behov for eigen henting med renovasjonsbil, men dette blir kombinert med redusert henting av restavfall. På sikt kan det også vere aktuelt å nytte renovasjonsbilar som kan hente fleire avfallstyper på same rute.

Når ÅRIM innfører ny kjeldesortering må selskapet altså omorganisere korleis avfallet blir henta, men ikkje nødvendigvis køyre meir. Det at heile Nordvestlandet får eit meir likt tilbod, vil både gi ein samordningsvinst når det gjeld kundeinformasjon og høve til å samordne betre gjenvinninga av dei ulike avfallstypene.

Tiltak 2: Innføre henteordning for glas- og metallemballasje



I 2015 leverte innbyggjarane i ÅRIM i snitt 9,4 kg glas- og metallemballasje til dei om lag 100 returpunkta som er etablerte. Sjølv om dette er ei auke frå tidlegare år, så viser avfallsanalyser at det er nesten like mykje glas- og metallemballasje; 7,8 kg, i det restavfallet som blir henta heime. Gjenvinningsordningane for glas- og metallemballasje har blitt stadig betre dei siste åra, og miljønyttan av å få sortert ut denne avfallsnyttan aukar dermed. Ved forbrenning av metallemballasje blir kvaliteten forringa og dermed mindre eigna for materialgjenvinning.

ÅRIM ser det som ønskjeleg å kombinere innføring av kjeldesortering av matavfall med ei henteordning for glas- og metallemballasje. Dette har følgjande fordeler:

- Kundane får eit betre tilbod, i spørjeundersøking i 2016 viste at 7 av 10 ÅRIM-kundar ønskjer seg ein eigen dunk for glas- og metallemballasje.
- Kostnadene ved innføring av tilbodet er i stor grad knytt til innkjøp og utsetting av dunkar og til informasjon, når dette blir kombinert med innføring av ny kjeldesorteringsordning for matavfall kan dette gjennomførast på ein meir kostnadseffektiv måte.
- Det er ein godt dokumentert miljøvinst ved tiltaket, gjenvinning av både glas- og ikkje minst metallemballasje har stor miljøeffekt.
- Innføringa blir kombinert med ei avvikling av returpunkt. Returpunkta er ei kjelde til forsøpling, og ÅRIM brukar betydelege beløp kvart år på rydding av desse.
- Gjennom å leggje til rette for eit så godt kjeldesorteringstilbod, blir det mogleg å redusere talet på hentingar av restavfall, noko som gir ein monaleg innsparing, miljømessig så vel som kostnadsmessig.

Dei siste åra har stadig fleire kommunar innført henteordning for glas- og metallemballasje. I vår region er dette m.a. innført i Kristiansund, Volda og Ørsta, medan Romsdalsregionen tek sikte på å starte opp slik innsamling frå 2017. Tilsvarende tilbod blir også vurdert innført på Ytre Søre Sunnmøre og i Nordfjord. Responsen frå innbyggjarane er eintydig positiv; det å få ei henteordning i staden for ei bringeordning for denne avfallstypen blir opplevd så positivt at utfordringar med å få plassert ein avfallsdunk til, som skal tømmast kvar 8. – 10. veke, er

akseptable. Røynslene er også ei auke i innsamla glas- og metallemballasje; halvparten av glas- og metallemballasjen som i dag blir feilsortert blir samla inn gjennom henteordninga. Resultata varierer mellom 35 og 75 % reduksjon i feilsortering.

ÅRIM legg opp til å nytte tilsvarende dunkar som blir nytta i dag, med ei mindre korg som tilbod til dei innbyggjarane som seier dei ikkje har plass til fleire dunkar ute. For fleirfamiliehus blir det nytta større oppsamlingseiningar som volummessig blir tilpassa behovet.

Tiltak 3: Finne behandlingsløysing for matavfall

Med den nye renovasjonsordninga vil ÅRIM kunne få utsortert over 5 000 tonn matavfall årleg, sjølv om matkasting blir redusert. Dei to andre renovasjonsselskapa på Sunnmøre, Søre Sunnmøre Reinhaldsverk og Volda Ørsta Reinhaldsverk, innfører også utsortering av matavfall i perioden 2017 – 2019. I 2016 har selskapa difor gjennomført eit forprosjekt for å vurdere etablering av eit regionalt anlegg som kan produsere biogass og biogjødsel.

Rapporten frå forprosjektet har vist at det er grunnlag for å gå vidare med desse planane, dette vil bli vurdert vidare i 2017. Inntil eit regionalt behandlingssanlegg eventuelt kjem på plass, vil ÅRIM måtte nytte eksisterande behandlingssøysingar for matavfall, her er det ein godt fungerande marknad.

Tiltak 4: Ettersortering av restavfall for å utvinne fleire ressursar

Målsettingane til EU er minst like ambisiøse etter 2020 som no. ÅRIM må difor arbeide vidare med å identifisere nye tiltak som kan gi ytterlegare materialgjenvinning og gjenbruk. ÅRIM vil difor vurdere tiltak for å utvinne ressursar frå det avfallet som i dag blir levert som brennbart avfall på miljøstasjonane. I samarbeid med dei andre renovasjonsselskapa i Møre og Romsdal, har ÅRIM også drøfta etablering av eit sorteringsanlegg for ytterlegare sortering av innsamla restavfall. Det vil bli starta opp ein forstudie for dette i 2017.



Bilde frå Romerike Avfallsforedling IKS (ROAF) sitt ettersorteringsanlegg. Foto: Mepex Consult

Hovudsatsingsområde 2: Meir effektiv innsamling og betre lokalmiljø

I dei tettaste sentrumsområda i Ålesund er det allereie med dagens renovasjonsløyising store utfordringar. Dunkar må plasserast på tronge fortau, noko som skapar problem for dei som skal ta seg fram i byen, som til dømes ved snøbrøyting eller naudutrykkingar.

Branntryggleiken er heller ikkje tilfredsstillande ved lagring av avfall i plastdunkar i bakgardar og langs husveggar. Ny kjeldesorteringsløyising med fleire oppsamlingseiningar vil forsterke desse problema. Endringane i busettingsmønster i regionen elles drar i same retning. Fleire kjem til å bu tettare på Sunnmøre i framtida.

For å redusere ulempene for innbyggjarane, setter ÅRIM meir trykk på arbeidet med å få til meir effektive innsamlingsløyisingar for avfall.



Tiltak 5: Meir av avfallet må under bakken


På 1990-talet skjedde eit stort skifte i avfallsinnsamling i Noreg. Då var sekkerrenovasjon dominerande innsamlingsløyising. Auka fokus på belastningsskader, smittefare frå stikk og oppstart av kjeldesortering førte til at dei fleste områda i Noreg i staden tok i bruk plastdunkar. No skjer det neste store skiftet innan innsamling av avfall. Utfordringar knytt til arbeidsmiljø, estetikk, universell utforming, brannfare og manglande plass til kjeldesortering fører til at stadig fleire områda i Noreg tek i bruk nye tekniske løyisingar der avfallet blir samla opp under bakken og tømd maskinelt i staden for manuelt. Den mest vanlege løyisinga er avfallsbrønnar. Også i Ålesundregionen skjer dette skiftet. For å kunne løyse dei utfordringane som endringar i kjeldesortering og busettingsstruktur gir, er det nødvendig å sette i verk tiltak som gir ein raskare overgang til slik maskinell innhenting av avfall.

ÅRIM vil difor arbeide for å få krav om denne typen løyisingar i flest mogleg nye utbyggingar, som ein del av dette må driftsansvaret avklarast. Samstundes vil det vere nødvendig å innføre ei støtteordning for å stimulere eksisterande fleirhushald til å gå over frå store plastdunkar til nye løyisingar.

Hovudsatsingsområde 3: Mindre avfall – meir til gjenbruk

Det er eit mål å redusere avfallsmengdene til den enkelte, og å få meir ting til gjenbruk. Dette er eit langsiktig haldningsskapande arbeid, der ÅRIM er ein av fleire aktørar som kan påvirke.

Figur 1. Konsum og avfall. Hushald. Indeks 1996=1



Kilde: Statistisk sentralbyrå.

Tiltak 6: Etablere tilbud om levering av produkt til gjenbruk på miljøstasjonane

ARBEIDE FOR Å AUKE MENGDA SOM GÅR TIL GJENBRUK

Mykje av avfallet som blir levert inn på gjenvinningsstasjonar er produkt som andre har bruk for. I 2015 starta ÅRIM arbeidet med å få på plass ei ordning for gjenbruk, denne må vidareutviklast og gjerast betre kjend. Ordninga er ei rein leveringsordning og blir drive i samarbeid med aktørar som driv gjenbruksbutikkar. Kunder har ikkje høve til å hente ut eller kjøpe produkt som er levert inn på ein miljøstasjon; dette blir frakta til ein gjenbruksbutikk og omsett der.

PRODUKT TIL REPARASJON

Marknaden for reparasjon og brukte produkt er stor og mangfaldig, og vi ser nye muligheter. ÅRIM planlegg ikkje å gå inn i slike forretningsområde sjølv, men er i dialog med aktørar som driv reparasjon og sal. Viktige aktørar er frivillige organisasjonar og verksemder som driv ulike formar for arbeidstrening.

GJENBRUK AV BYGGJEMATERIALE

Det manglar eit tilbod om gjenbruk av t.d. byggevarer. ÅRIM vil vurdere om selskapet kan leggje til rette for etablering av ei formidlingsordning for denne typen produkt, enten i eigen regi eller i samarbeid med andre aktørar. Nye nettbaserte formidlingsmodellar opnar for nytenking på dette feltet.

Tiltak 7: Tiltak mot marin forureining

Omfanget av menneskeskapt forureining i havet blir stadig større. I 2016 kom rapporten *The New Plastics Economy: Rethinking the future of plastics*, utgitt av World Economic Forum og Ellen MacArthur Foundation som peika på at det med dagens utvikling ville vere meir plast enn fisk i havet i 2050. For ein region som har eit næringsgrunnlag som i stor grad er basert på ressursane i havet, er det viktig å bidra til å rydde opp i desse utfordringane. Kvart år ønskjer mange privatpersonar, lag og organisasjonar å rydde i naturen rundt seg. Dei siste åra har det blitt aukande fokus på rydding av strandsona. Dette vil ÅRIM gjerne leggje til rette, og vere ein pådrivar for.

ÅRIM ønskjer å ta ei rolle i arbeidet mot marin forureining på to område:

- Informasjon og haldningsskapande arbeid
- Avfallsbehandling

INFORMASJON OG HALDNINGSSKAPANDE ARBEID

Media og innbyggjarar har den siste tida fått ei auka forståing av konsekvensar og omfang av problemet med marin forureining. Dette momentet er viktig å gripe, ÅRIM samarbeider difor med SSR, VØR og andre aktørarar om å skape merksemd om tema i media, lokalt og regionalt, med mål om å auke kunnskap og mobilisere til at fleire i større grad skal delta på strandryddingar i regionen.

AVFALLSBEHANDLING

ÅRIM har fått på plass ei første ordning for korleis avfall skal hentast, bringast og behandlast etter strandryddingane. Om vi oppnår auka omfang av strandryddingar vil ÅRIM sin ressursbruk til å løyse oppgåvene som oppstår i samband med strandryddingar auke. Det er nødvendig å ha eit hensiktsmessig og strømlinjeforma tilbod til alle som er ute og ryddar. Ordningane for tilretteleggjing og handtering av avfall ordningane må vidareutviklast og ha minst mulig manuelt arbeid.

Innsamling og levering av avfall frå friluftsområde er i utgangspunktet ikkje omfatta av reglane om sjølvkost, det er difor ikkje høve til å finansiere denne typen ryddeaksjonar over renovasjonsgebyret. ÅRIM søker nasjonale støtteordningar for å få refundert for utgifter som oppstår i samband med innsamlingane.

Hovudsatsingsområde 4: Betre kommunikasjon

Kommunikasjon er eit virkemiddel for å nå måla selskapet har sett seg. Ein viktig grunn til at ÅRIM blei oppretta, var å sikre betre kommunikasjon til innbyggjarane i Ålesundregionen om verdien av kjeldesortering og auka gjenvinning.

Tiltak 8: Informasjon om ny kjeldesorteringsløyising i ÅRIM

Å innføre ny kjeldesorteringsløyising gir ei langsiktig og omfattande kommunikasjonsoppgåve. ÅRIM vil utarbeide lett forståeleg og tilgjengeleg informasjon, med mål om å gi ei smidig og godt førebudd innføring av meir sortering både for abonnentar og ÅRIM. ÅRIM skal vere klare med gode svar og løyisingar. Abonnentane skal vere kjende med kva som kjem, kva som er nytt, og kva dette får å seie for den enkelte.

Innbyggjarane treng blant anna informasjon om:

- Kva endringar som skal innførast.
- Miljøgevinsten ved å sortere og materialgjenvinne meir avfall – kva avfallet blir til.
- Behov for utstyr i kjøkkenbenken og kva dei får av dunkar frå ÅRIM.
- Praktisk informasjon om sortering – svar på kjende problemstillingar.
- Muligheiter for tilrettelegging eller tilpassingar.
- Status og framdrift.

Tiltak 9: Haldningsskapande arbeid

ÅRIM ønskjer å arbeide for å påverke haldningar som gjer at folk skaper minst mulig avfall, og behandlar avfallet på mest mogleg miljøriktig måte. Selskapet vil difor auke trykket på det dette arbeidet mot fleire målgrupper.

Tiltaket er delt i to:

- Haldningsskapande arbeid, spesielt mot barn og unge
- Påverke til å redusere forbruk og produksjon av avfall.

HALDNINGSSKAPANDE ARBEID RETTA MOT BARN OG UNGE

Å endre vanar knytt til forbruk og avfall handlar både om å skape gode haldningar og til å innarbeide gode rutinar. Det å få dei yngste til å bli trygge på korleis avfallet skal behandlast, kan også gi foreldre og besteforeldre motivasjon til å gjere gode miljøriktige val og handlingar.

ÅRIM ønskjer å tilby undervisingsopplegg retta mot barn og unge som har avfall, gjenvinning og miljø på læreplanen eller i undervisinga. ÅRIM vil utvikle og tilby opplegg både til barnehagar, grunnskule og vidaregåande. I nokre tilfeller vil selskapet reise ut til gruppene, i

andre tilfelle tilby dei eit opplegg som dei kan komme til. Selskapet vil gjere dette gjennom å la borna sjølv praktisere gjenbruk og gjenvinning, med høg grad av aktivitet, oppleving og læringsutfordringar – sjå, oppleve, høyre, lukte, delta, utføre.

Ein stor del av arbeidsomfanget ÅRIM ser for seg, handlar om å organisere besøk, hente klasser med buss, og ha ein person som formidlar kunnskap om avfall og avfallsbehandling på ein pedagogisk og engasjerande måte. ÅRIM ønskjer å gjere dette til eit etablert tilbod som skular og lærarar i eigarkommunane kjenner til og kan bestille. ÅRIM samarbeider for øvrig med Loop Miljøskole, som har mykje godt materiell for denne type bruk, og vil dra nytte av erfaringar frå opplegg andre renovasjonsselskap har utvikla.

Mot vidaregåande skular har ÅRIM i fleire tilfelle vore mentorbedrift for gründerbedrifter. ÅRIM har fleire spennande og relevante oppgåver, dette arbeidet vil halde fram.

PÅVIRKE TIL Å REDUSERE MATSVINN, FORBRUK OG PRODUKSJON AV AVFALL

Samtidig som ÅRIM ønskjer å få folk til å sortere matavfall, er det eit mål å få folk til å kaste mindre mat som kunne vore spist. Dette fordrar eit langsiktig og breitt informasjonsarbeid som vi bør angripe frå fleire vinklar. Store delar av arbeidet vil vere formidling og direktekommunikasjon med gitte målgrupper.

ÅRIM vil arbeide for å redusere matsvinn gjennom å:

- Utarbeide målgruppetilpassa informasjon om tema
- Samarbeid med lærarar og klasser som har mat og helse på skulen. Bidra med kunnskap og idèar. Setje fokus på matsvinn og muligheiter
- Informere om mat, haldbarheit og muligheiter til aktuelle målgrupper
- Samarbeide med / påvirke bransjar som har ei rolle rundt matsvinn, til dømes daglegvarebransjen
- Skape informasjonskampanjar som gir merksemd rundt tema i ulike medier.



Europaparlamentet har foreslått eit matavfallshierarki som skal inngå i dei nye felleseuropeiske reglane om avfall. Dette gir føringar for korleis landa skal prioritere arbeidet med matsvinn og val av behandlingssløysingar for matavfallet som oppstår.

ÅRIM ønskjer også å vere ei tydelegare pådrivar som oppfordrar til å kjøpe mindre, kjøpe smartare, og som viser idear til korleis tinga som blir kjøpt skal skape minst mulig miljøbelastning.

ÅRIM vil arbeide med å redusere forbruk og produksjon av avfall gjennom:

- Å vere ein aktør som legg til rette for gjenbruk i praksis. Døme på dette kan vere å skape tiltak som gjer at folk byttar, gir bort, reparerer, deler eller brukar ting på nye måtar
- Gi idear til korleis redusere forbruk i situasjonar som gir høgt forbruk, eksempelvis jul.
- Informere om kva miljøfotavtrykk ulikt forbruk har
- Skape informasjonskampanjar som gir merksemd rundt tema i ulike medier.

Hovudsatsingsområdeområde 5: Evaluering og vidareutvikling av ÅRIM som organisasjon

Gjennom etableringa av ÅRIM har det skjedd ei samordning av tenestetilbodet innan avfall og slam til innbyggjarane i Ålesundregionen. Eit harmonisert tilbod om mest mogleg like tenester til innbyggjarane er ein føresetnad for at det skal vere mogleg å hente ut stordriftsfordelar og effektiviseringsvinst av det interkommunale samarbeidet.

Tiltak 10: Samle avfallsoppgåvene

Frå 2010 til 2016 har ÅRIM tatt over stadig meir av kommunane sine oppgåver innan avfall og slam. Selskapsorganiseringa bidrar til å tydeleggjere ansvar og rollefordeling, samtidig som eigarkommunane har høve til politisk styring gjennom eigarskap.

I og med at ÅRIM har fått på plass organisasjon og løysingar, er det viktig at selskapet og eigarkommunane i samarbeid effektiviserer oppgåver innan avfall og slam, ei viktig oppgåve er då å organisere seg slik at desse i større grad kan løysast på ein stad. Ved å overføre alle avfallsrelaterte oppgåver til ÅRIM sikrar eigarkommunane eit sterkare kompetansemiljø og betre og meir effektive tenester til innbyggjarane.

Tiltak 11: Vidareutvikle avfallssamarbeidet i regionen

Gjenvinningsbransjen blir karakterisert som ein umoden bransje. Innan den private delen av avfallsbransjen har det dei siste åra skjedd ei konsolidering og industrialisering. Det vil seie at dei kommunale avfallsselskap i aukande grad møter større internasjonale og nasjonale aktørar når tenester skal løysast i marknaden. Kommunale avfallsselskap er kvar for seg ofte for små til sjølv å kunne drive innovasjon og utvikle industrielle løysingar; eit tettare samarbeid er nødvendig for å sikre innovasjon, volum og kompetanse.

Det er etablert god dialog og stadig fleire felles løysingar mellom dei kommunale avfallsselskapa på Nordvestlandet. Dette samarbeidet må styrkast formelt og fagleg for å kunne løyse miljø- og avfallsutfordringane regionen står overfor.

Vår jobb...

- Gjere det enklare for folk å levere avfall til trygg behandling
- Informere og motivere til å gjere miljøvennlege val.
- Få på plass betre system for avfallshandtering
- Sikre at innlevert avfall blir gjenvunne





JA, det nyttar



ÅRIM - Ålesundregionen interkommunale miljøelskap IKS.

Langelandsvegen 1 - 6010 Ålesund - post@arim.no - 70 31 41 00 - arim.no - org nr. 994 717 286 MVA